

Dei 7 fagområda i korte trekk:

Kommunikasjon, språk og tekst

All samhandling er kommunikasjon. Å utvikle språket, både verbalt og non-verbalt, er av stor betydning. Gjennom språket lærar barn å forstå verda, og får ei aukande innsikt i seg sjølv. Språket gjev identitet og tilhøyrse. Kommunikasjon er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utviklinga.

Dei vaksne er førebilete for borna sin bruk av språk, og må difor vera medviten på korleis dei kommuniserar med andre.

Kropp, rørsle og helse

Barn er fysisk aktive og dei uttrykkjer seg gjennom kroppen. Grunnleggande motoriske ferdigheiter og god helse blir utvikla i barnehagealder. Gjennom kroppsleg meistring utviklar borna positiv sjølvoppfatning og bevisstheit om kropp og helse. Barnehagen skal bidra til gode vaner og sunt kosthald.

Kunst, kultur og kreativitet

Kreative aktivitetar er ein del av barnehagen sin kvardag. Eit mangfald av kuturuttrykk vil gje born verdifulle inntrykk og lære dei å utrykke seg gjennom dei mange kulturelle språk. Barnekulturen utviklast gjennom leiken og barnehagen si oppgåve vert å utvikle, bevare og stimulere barnet si nysgjerrigheit og forskartrøng så rikt og allsidig som mogeleg. Kulturelle opplevingar og å skape noko felles, bidreg til kjensla av å høyre saman.

Natur, miljø og teknikk

Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vèr. Friluftaktivitetar og uteleik er ein del av barnehagen sin kvardag. Nærmiljøet gjev høve for ulike erfaringar i forhold til å lære om samspel i naturen og mellom mennesket og naturen. Barnehagen skal bidra til at born får undre seg, ekspreimentere, systematisere og samtale om fenomen i den fysiske verda, og vidare erfare korleis teknikk kan nyttast i leiken og kvardagslivet.

Etikk, religion og filosofi

Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfaldet som er representert i barnegruppa, samstundes som den skal ta med seg verdiar og tradisjonar i den kristne og humanistiske kulturarven. Barnehagen skal gje rom for undring og samtalar og møte borna sine spørsmål med respekt.

Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at born møter verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit. Den skal legge vekt på å styrke kunnskap om og tilknytning til lokalsamfunnet, natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett.

Gjennom barn si erfaring med medverknad i barnehagen får dei kjennskap til demokratiske prinsipp. Slik utviklast tillig til eiga deltaking i, og påverknad av fellesskapet. Barnehagen skal utvikle forståing for ulike tradisjonar og levesett.

Tal, rom og form

Leik er drivkraft i all læring, også i utviklinga av born si forståing for matematiske omgrep. Borna utforskar desse omgrepa i leiken, og leiken utvidar forståing. I arbeidet med tal, rom og form får borna erfaringar med klassifisering, ordning, sortering og samanlikning. Barnehagen skal legge til rette for at borna har tilgang til, og tek i bruk ulikt materiell som spel, teljemateriell, klossar, IKT, teknologi, osb.